

Plan for kvalitetsutvikling

Sinnes skule

Skuleåret 2018-2019
Handlingsplan 2017-2021



1. Innholdsliste

1. INNHALDSLISLE	2
2. FØREORD	3
3. INNLEIING	3
4. VISJON.....	3
5. EVALUERING SATSINGSOMRÅDA SKULEÅRET 2013-2014	4
6. MÅLSETJINGAR OG SATSINGSOMRÅDE SKULEÅRET 2013-2014	5
MÅL 1: LESING I ALLE FAG - "LESELOS"	5
MÅL 2: TRIVSEL	6
MÅL 3: FRILUFTSLIV I ALLE FAG.....	7
6. EVALUERING/RAPPORTERING/RULLERING	7

2. Føreord

Sirdal kommune utarbeidde skuleåret 2012/2013 ein kvalitetsutviklingsplan for grunnskulane i Sirdal: "Sirdalsskulen - mål og strategiar". Denne gjaldt for perioden 2012-2016, og vart revidert våren 2016 for å gjelda endå eitt skuleår i påvente av revisjon av "Sirdalsskulen - mål og strategiar" som vart handsama på politisk nivå våren 2017 utan store endringar.

Signal frå arbeidet med denne planen dannar grunnlag for kvalitetsutviklingsplanen til Sinnes skule. Sinnes skule reviderer sin plan årleg, med innspel frå FAU, kvart år. Skulen brukar i tillegg evaluering av eksisterande satsingsområde som utgangspunkt for val av fokusområde.

3. Innleiing

Sinnes skule er ein stad med eit trygt miljø for elevane der alle kjenner kvarandre, der elevane blir sett av dei vaksne og der alle møter kvarandre med gjensidig respekt. Skulen ligg i flotte omgjevnader med godt fysisk miljø og nærområde. Det er god dialog og godt samarbeid på teama, og lærarane er fleksible og kan ta ting "på sparket". Det er stor breidde i den pedagogiske kompetansen, og det er lett å arrangera ekskursjonar og overnattingsturar. Me legg vekt på eit positivt samarbeid med foreldra.

Utfordringar skulen vil arbeida med:

- implementering av sosial læreplan
- haldningar til orden ute og inne, utstyr og inventar
- rutinar for skriftleg dokumentasjon, t.d. på heimesida
- oppfølging frå leiinga når det gjeld avgjerder tatt i plenum

4. Visjon

Sinnes skule er ein skule med godt læringsmiljø og høg trivsel!

5. Evaluering satsingsområda skuleåret 2017-2018

Planen for 2017-2021 vart revidert 5. juni 2017 av representantar for FAU og pedagogisk personale ved Sinnes skule der "Sirdalsskulen - mål og strategiar" er ein del av planen. Våren 2018 kom FAU med innspel til planen, og lærarane reviderte han 22.06.18.

Målet om lesing i alle fag held fram. Me vil framleis arbeida med vurdering for læring, norsk i alle fag og klasseleiing, samt prøva ut det me lærte på Sirdalsskulen sitt personalseminar i Gouda, Nederland 1.-4.november 2017. I tillegg har me arbeidd med implementering av sosial læreplan og betre tverrfaglig innsats (BTI). Frå hausten 2018 vil me nytta meir tid på personalmøta til arbeid med sosial læreplan, samt diskusjon og avklaring av ein del omgrep etter at me har areidd med elevundersøkinga og ekstern skulevurdering.

Trivsel og å unngå krenkjande åtferd arbeider me med kontinuerleg, men FAU ber om at haldningane som kjem fram som eit mål i planen òg må bli gjort synlege i det daglege. FAU ønskjer meir praktisk undervising for å fremja læringslyst òg at det vert gitt eit tilbod til 5.-7. klasse når det gjeld haldningsskapande arbeid. Elles synest dei at det er svært positivt at ein nyttar biblioteket i skuletida.

Heim-skule-samarbeidet fungerer godt lokalt, men Sinnes FAU spør om det framleis er eit ønskje å halda fram med dette, eller er det naturleg å avvikla ordninga, sidan det har vore lita deltaking på dei siste fellessamlingane med Tonstad for nokre av klassane.

I april 2018 hadde me besøk av åtte elevar og fire lærarar frå Väike-Maarja Gümnasium i Estland i mest tre dagar. Gjestene var nøgde, og fekk verkeleg læra om vatnet si tyding for Sirdal. Dermed held me fram samarbeidet, og er inviterte attende våren 2019.

Me fylgjer planen for friluftsliv godt, men kan bli endå flinkare til å få med alle fag, òg med tanke på meir praktisk undervising. Alle er sær s nøgde med felles overnattingstur, som i år gjekk til Løgjedalen ved Valevatn.

Mål 1: Lesing i alle fag

- Systematisk arbeid med gode grunnleggjande tamer og varierte læringsstrategiar -

A) Vurdering for læring og LESELOS

Arbeid med og implementering av vurdering for læring (VFL) og lesing i alle fag.

Kontinuerleg arbeid

Ansvarleg: Alle

B) Halda fram å arbeida etter planen "Ein raud tråd" i norsk, engelsk og matematikk.

Kontinuerleg arbeid

Ansvarleg: Alle

C) Arbeid med nasjonale prøver

1) Øva på type oppgåver i lesing, rekning og engelsk til nasjonale prøver med utgangspunkt i tidlegare gjennomførte prøver

I løpet av dei tre siste vekene før prøvetidspunktet

Ansvarleg: Faglærar

2) Diskutera resultata og korleis ein kan arbeida vidare på tvers av team.

Rett etter at resultata er klare

Ansvarleg: Teamleiarar og faglærarar

3) Ta vare på elevresultat frå år til år for kvar elev (i Conexus Engage, tidlegare VOKAL)

Ansvarleg: Faglærar/klassestyrar

D) Arbeid med litteratur

1) Samarbeida med biblioteket; spesielt med anbefalingar av bøker (frå bibliotekar, lærarar, medelevar) ut frå tema og interesser blant elevane og markering av Verdas bokdag 23. april (UNESCO)

Ansvarleg: Bibliotekar, alle lærarane og ASPnet-gruppa

3) Lærar les minst ein skjønnlitterær roman eller fagbok høgt for samla klasse, ev. på engelsk. Det kan godt vera ei biletbok.

Ansvarleg: Teamet bestemmer kven som har **hovudansvaret** under arbeidet med **årsplanar**

4) Arbeida med lesefremjande tiltak, ev. deltaking i ulike tilbod som *Tid for ti*, *Bokslukerprisen*, *tXt* eller Norli sin lesekonkurranse.

Ansvarleg: Teamet

Mål 2: Trivsel

- Å arbeida saman for trivsel og læringslyst -

- A) Arbeida med trivselsfremjande tiltak, jf. "Plan for elevane sitt skulemiljø Sirdal kommune"
- 1) Fadderordning der 7. klasse er fadrar for 1. klassingane
Heile året
Ansvarleg: Klassestyrarane i 1. og 7. klasse
 - 2) Arbeid med haldningsarbeid, jf. sosial læreplan, og gjennom Zippy (småskuletrinn).
Redd Barn (prøveprosjekt mellomtrinnet og MOT (ungdomstrinn))
Ansvarleg: Alle
 - 3) Samarbeid heim - skule
 - a) Utarbeida plan for samarbeidet heim - skule
Haut 2018
Ansvarleg: Foreldrerepresentantane og klassestyrar (der sistnemnde kallar inn til ev. planleggingsmøte)
 - b) Haustsamling for elevar, foreldre og lærarar
Haut 2018
Ansvarleg: Foreldrerepresentantane (sjå punktet over)
 - c) To felles skule-/aktivitetsdagar for elevar i regi av skulen, ein på Sinnes og ein på Tonstad skule
Heile året
Ansvarleg: Rektorane og klassestyrarane
 - d) Samlande (fritids)aktivitetar for elevar i 8.-9. klasse på kveldstid v/klassekontaktar
Vår 2019
Ansvarleg: Klassekontakt og foreldre/føresette
 - e) Venegrupper på tvers i 1.-4. klasse
Heile året
Ansvarleg: Klassestyrarane
- B) Arbeid gjennom UNESCO sitt skulenettverk ASP-net
- 1) Morgonsamling med vekt på menneskerettar, barnerettar, SN sine tusenårsmål og Sinnes skule sine sosiale mål
Kvar første måndag i månaden
Ansvarleg: Dei ulike klassane etter eigen plan
 - 2) Avslutningstur i 10. klasse, innan Europa, med skulebesøk, jf. ASPnet
Våren 2018
Ansvarleg: Klassestyrar/engelsklærar
- C) Lokal trivselsundersøking
Januar/februar 2019
Ansvarleg: Rektor/leiargruppa
- D) Elevråd kvar månad med saksliste og referat frå førre møte 14 dagar før, samt publisering av referat på heimesida
Kvar månad, sjå eigen plan
Ansvarleg: Elevrådsansvarleg og rektor
- E) Andre aktivitetar som ekskursjonar, teaterbesøk og/eller ein felles naturfagleg vårdag

Mål 3: Friluftsliv i alle fag

- Å stimulera til aktivitet og glede over natur og miljø -

A) Laga årsplanar i naturfag, samfunnsfag, kroppsøving og mat & helse ut frå årstid og faget sin eigenart, gjerne tverrfagleg

August/september 2018, samt heile året

Ansvarleg: Faglærarane

B) Bruka og ta vare på nærmiljøet i flest mogleg fag, gjerne tverrfagleg

August/september 2018, samt heile året

Ansvarleg: Faglærarane

C) Overnattingstur for 1. - 10. klasse

Hausten 2018

Ansvarleg: Kroppsøvingslærarane

D) Felles skitur/skiaktivitetsdag

Før påske 2019

Ansvarleg: Kroppsøvingslærarane



7. Evaluering/rapportering/rullering

Planen vert evaluert og rullert etter vedtekne retningslinjer.

Sinnes 26.06.18, Åse-Berit Fidjeland (rektor)